



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

April 1981

35. årg.

Bispevitjing i Bergsdalen



Skuleborna utanfor kyrkja i Bergsdalen saman med prost Østtveit, biskop With og sokneprest Steinnes

Dåskeevangeliet

Påskeevangeliet ber bod om den store sanninga at døden er overvunnen. Overvunnen, ikkje av mennesker, eller ved menneskeleg kløkt og evne, men ved Jesus Kristus. Døden, denne mektige fiende av alt liv, er overvunnen! Jesus forkynte: Eg er oppståa og livet. Den som trur på meg skal leva om han so døy. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.

So skal denne sanninga få lyde fulltonande ogso i denne påskehelg. Vi må gleda oss over dette, og ta imot det. «Han er oppstanden, store bud, min Gud er en forsonet Gud, min himmel er nå åpen!»

Men her trengjer det seg inn på oss alle, eit alvorleg spørsmål. Spørsmålet er dette: Er Jesus blitt den levande oppstandne Herre for meg personleg? Er Han blitt det i mitt liv?

«Å salige stund uten like,
Han lever Han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike,
Min sjel hvorfor sørgede du?
Han er ikke lenger i graven,
Hvor bleknet i døden han lå,
Jeg levende så Ham i haven,
Og aldri så skjønn jeg ham så.»

Påske kan vi først feire rett, når denne sanninga går rett opp for oss

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Tlf. Dalekvam 39 61 61
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

og vert vår personlege oppleving. Og korleis blir Han det? Det skjer ved at Han får innta første plassen i mitt liv. *God påske!*

Lars Bjørsvik

Res.kap. Sønnesyn

Res.kap. Sønnesyn vert innsett som res.kap. i Vaksdal ved gudstenesta i Vaksdal kyrkje den 28. juni. Prost Østtveit vil då vera med. Sønnesyn kjem til å innsetja seg sjølv i dei andre kyrkjene dei fylgjande sundagar. Prestebustaden på Vaksdal vert nå pussa opp.

Familie week-end

Også dette året hadde kyrkjelydane i Vaksdal leigd Kvamseter til familie-week-end. I dagane 27. februar til 1. mars var ein samla til alvor og leik, skiturar, familierenn, familiegudsteneste, songkveld, eventyrstund og mykje meir som heile familien er saman om. Ikkje berre borna, men dei vaksne med ser fram til desse samlingane og staden er og leigd for neste år.

Soknerådsformenn 1981:

Vaksdal: Jacob Kalleklev (attv.)
Dale: Lasse Vassenden (attv.)
Bergsdalen: Per Småbrekke (attv.)
Stamnes: Karsten Kulshamar (attv.)
Flatekval: Gunnvor Tyssen (ny)
Nesheim: Johan J. Gullbrå (attv.)

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:
Magne Steinnes
Medarbeidarar:
Johanne B. Helle
og Magne Hesjedal.
Kasserar:
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro 5 72 34 73.
Bankgiro 3500.50.13117.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 15,00 for året.
Eksped. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S
5610 Øystese. — Tfn. 55045

Fine visitasdagar

Bispevisitasen er over og mekansjå attende på 4 vellukka dagar som me nok vil hugse. Overalt vart biskop Thor With og prost Augun Østtveit ynskt velkomen av fullsette kyrkjer. Kontakten med born og skular ser ein ved slike høve sers viktig, og borna var møtt fram overalt og flinke var dei å svare i samtalane med biskopen. Men dei imponerte ikkje mindre med sin song og musikk som gjorde desse gudstenestene ekstra festlege. Det vart sagt mange lovord om det rike song og musikklivet i prestegjeldet.

Visitasen byrja i Bergsdalen. Her tala prosten og borna song og spela blokkfløyte. Etter ei lita, men god matøkt i kyrkjekjellaren var det skulegudsteneste i Dale kyrkje. Stanghelle skule, Dale barneskule og Dale ungdomsskule venta her utolmodig. Sokneprest Steinnes preika og barneskoret song. I samtalen med borna trong biskopen ikkje venta lenge på svara, og synte at han var godt vant med å samtale med born. I ungdoms-

skulen var det skipa til møte for lærarane i kommunen og ca. 50 stk. var møtt fram. Prost Østtveit og lærar Vassenden innleida til samtale om kristendomsfaget sin plass i skulen i dag. Det vart eit ope og godt samvære. Om kvelden var det skule- og familiegudsteneste på Vaksdal og kyrkja var fullsett. Sundagsskulen, speidaren, skulekor, ungdomskor, blokkfløytegruppe og kyrkjekoret var her med og elevar frå skulen hadde saman med presten laga teikningar til preika.

Fredagen vart innleida med vitjing i Dale fabrikk. På den tida som var avsett kunne ein nok ikkje koma over alt, men mange og interessante inntrykk fekk ein med seg før ein drog til gudstenester i Eidsland og Nesheim. Nye fine song- og musikkinnslag fekk ein her. Avstandane er store og etter gudstenesta i Nesheim var det godt å setja seg i lag med kyrkjelyden til betasuppe, kaffe og bløtkake. Tida går berre så altfor fort. Det sto også gudsteneste på Stamnes på programmet og ein måtte jo og innom Flatekval kyrkje som skal feire 100 år i 1983, på turen nedover dalen.

Laurdag tok til med felles soknerådsmøte for dei 6 sokneråda i Vaksdal i det nye bedehuset på Stanghelle. «Dette er det viktigaste møte», sa biskopen og i 4 timar gjekk samtalen om sokneråda sine oppgaver. Ordførar Soltveit var med og gav uttrykk for vilje til å løysa dei oppgaver som sokneråda har ansvar for. Institusjonane Vaksdal sjukeheim og Dale aldersheim vart også vitja og fint hadde dei laga det i stand begge stader.

Søndagen var sjølvvisitasgudstene-
neste i Dale kyrkje. Biskopen preika
for ein lydhør kyrkjelyd og kyrkje-
koret og mannskoret song vakkert. I
Dale fabrikk si kantine var det av
husmorlaga på Dale og Stanghelle
laga vakkert til for kyrkjekaffi. Til
visitasgudstene høyrer og eit visi-
tasmøte kor visitasmelding vert les-
en. Denne gjev eit bilete over dei kyr-
kjelege tilhøve i prestegjeldet. Saman
med prost og biskop var det fleire
som nytta høve å ta ordet.

Ein vil til slutt få takka alle som
gjorde sitt til at desse dagane vart så
velling som dei vart og så får me
vona at det ikkje går 18 år til neste
gong det vert visitas i Vaksdal.

M. S.

Frå speiderarbeidet på Vaksdal

Soknepresten ber om stoff til Kyr-
kjebladet om Speiderarbeidet på
Vaksdal. Me tok til att med arbeidet
hausten 1980. Mandag er vår faste
møtedag. Speiderkoret kom snart
igang, og Julekvelden deltok koret
med sang i kyrkja. Det same gjorde
me ved bispevisitasen.

I Julehelga stelte me til åpen fest
i Bedehuset. Då fekk me vitjing av
to av speiderleiarane i Bergen krins
som troppen tilhøyrer. Bergfrid Fjose
var festtaler og det var god oppslut-
ning om festen. I februar hadde krin-
sen besøk av K.F.U.K.-speidernes
misjonær. Ho er sjukepleiar, og ar-
beider i spedalske arbeidet på Mada-
gaskar. Det var fellesmøte på Dale,

der me kosa oss saman med K.F.U.K.-
speidarane på Dale og frå Voss. No
skal me til å samla inn brukte laken
og laga bandasjer som skal sendast til
Madagaskar.

Men sjølv om K.F.U.K.-speidarane
løner sin eigen misjonær, deltar me
i anna misjonsarbeid.

17. mai vil me vera med å ha eit
program på festen i Bedehuset. Me
tel 21 speiderjenter, og 4 førarar.

Diverre ventar enno gutane på å få
ta til med sin speidertropp. Leiaren
for gutane står klar å ta fatt, men
han kan ikkje makte det åleine. Han
leitar etter hjelparar. — Må han ikkje
leita forgiveves. Kvar er du som vil
hjelpa han? Når gutetroppen kjem
igang, kan me gå saman om ymse til-
tak og arrangement. Arbeidet blant
barn og unge er ikkje ei byrde, men
ei glede. Ein får so mykje, mykje
igjen.

— «Lei vår ungdom på Dine vegar»,
ber me i kyrkja, og kven kjenner ik-
kje seg grepen —. Me veit at i den
tida me lever i, er det so mykje vondt
som lurar på vår ungdom, ja barna
med. Det er so lett å stiga feil, og
det kan få so katastrofale fylgjer. Må
ingen av oss svikta vår oppgåve der,
— vår oppgåve for Gud og våre med-
menneske.

Det er so mykje fint og godt i barna
og dei unge, og me gler oss med dei
når dei syng med liv og lyst:

«Gud vær ære i sitt høie rike
Han vil oss lære hvortil vi skal hige,
brave i verden, dyktige på ferden
mot det forjettede land.»

Med helsing frå Speidertroppen
Gunvor Bjørsvik

Stamnes Sokneråd

hadde årsmøte 30/1 1981. Etter ein
kort andakt ved soknepresten vart
det føreteke dei vanlege valg. Kar-
sten Kulshamar vart attvald som for-
mann. Likeeins attvalg av dei andre
styremedlemene.

Soknerådet har ei tid arbeidd med
utviding av Stamnes gravplass. Då
der no er berre 20 ledige plassar, er
dette ei sak som lyt ordnast snarast
mogeleg. Det vart vedteke å kjøpa
luftfuktar til orgelet i Stamnes. Like-
eins å kjøpa oppvaskbenk med kom-
fyr for koking av nattverdiskalkar
m.m.

Til det nye sakristi på Eidsland
vedtak om kjøp av gardin. Elles vart
det drøfta opplegget i høve bispevisi-
taset 5. — 8. mars d.å.

Kyrkjeblad for Vaksdal

Rekneskap for 1980.

Inntekter:

Bladpengar	13.615,—
Andre inntekter	2.540,—
Inntekter ialt	16.155,—

Utgifter:

Prenting og bladporto ..	15.255,—
Andre utgifter	400,—
Utgifter ialt	15.655,—
Overskot i 1980	500,—

Bladpengane fordelt, og i prosent av
antal husstander:

Dale	5.450,—	39 %
Vaksdal	3.495,—	51 %
Stamnes	2.850,—	56 %
Bergsdalen	285,—	63 %

Ved, Jesu trette føtter

Tone: Med Jesus vil eg fara
Ved, Jesu trette føtter
som gikk den tunge vei
Jeg her ved korsets støtter
vil bli en stund hos dig
Min, Gud, o la mig dvele
i sorgen her jeg står
så jeg kan for dig knele
ved dine nagesår.

Og han min gode hyrde
uskyldig gav mig fri
og bar min syndebyrde
med smerte, kamp og strid
Så lydig gjennom nøden
har med sitt blod betalt
Og villig gikk i døden
for mig og ofret alt.

Nu vil jeg stille synge
om min gjenløser her
Og til vår, Fader, klynge
mig om vår Frelser kjær
Og når min bønn jeg sender
slik som jeg er, Du, vet
Da rekk mig dine hender
for tid og evighet.

A. Jensen

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

Flatekval	295,—	58 %
Nesheim	250,—	52 %
Utanbygds	990,—	
	<u>13.615,—</u>	<u>49 %</u>

Gammersvik, 31. des. -80 / 7. jan. -81.
Ragnar Trohjell (s)
kasserar

Rekneskapen er revidert.
Dale, 10. jan. 1981.
Bjarne Thaulé (s)
revisor

Frå Kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Knut Erlend Rosvold, døypt 1.2.81.
Jon Olav Hatlestad, døypt 15.2.81.
Lise Auro Fardal, døypt 15.2.81.
Kenneth Hepsø, døypt 1.3.81.

STAMNES:

Tommy Andre Mjølsvik, døypt 8.2.81.
Ørjan Straume, døypt 22.3.81.
Jan Ronny Aas, døypt 22.3.81.
Hege Eide Vik, døypt 22.3.81.

VAKSDAL:

Torbjørn Haugland Knutsen, døypt
8.2.81.
Dag Inge Demring, døypt 22.2.81.

VIGDE:

DALE:

Dag Inge Kalvik og Solveig Dankert-
sen, vigde 5.2.81.
Roar Olsnes og Bente Birkeland, vig-
de 14.3.81.

VAKSDAL:

Vidar Grindheim og Reidun Kalle-
klev, vigde 7.2.81.

Helge Audestad og Mari Ann Høiby
Hansen, vigde 14.2.81.

AVLIDNE:

DALE:

Ragnhild Tyssen, død 2.2.81. (f. 1892).
Birgit Brekke, død 6.2.81. (f. 1904).
Magnus Grenasberg, død 21.2.81. (f.
1901).
Johannes J. Dale, død 22.3.81 (f. 1891).

STAMNES:

Anna Karolina Vik, død 7.3.81 (f.
1896).
Nils Bernhard Toskhelder, død 9.3.81.
(f. 1897).
John H. Hagen, død 15.3.81. (f. 1922).

FLATEKVAL:

Audun Fjellanger, død 20.3.81 (f.
1922).

VAKSDAL:

Berner Johansen, død 21.1.81. (f. 1898)

Velkomen til kyrkje

Palmesundag, 12. april (Joh. 12,1-13)

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Fami-
liegudsteneste ved sokneprest Stein-
nes. Innsamling av fastebøsser. Offer
til Kirkens Nødhjelp.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.30. Fami-
liegudsteneste ved Olav Fjose. Inn-
samling av fastebøsser. Offer til Kir-
kens Nødhjelp.

Skjærtorsdag, 16. apr. (Matt. 26,17-29)

DALE KYRKJE kl. 11.00. Res.kap.
Farestveit, Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00.
Sokneprest Steinnes, Nattverd. Offer
til Kirkens Nødhjelp. Innsamling av
fastebøsser.

NESHEIM KYRKJE kl. 19.00. Res.
kap. Gunnar Nesse, Nattverd.

Langfredag, 17. apr. (Matt. 26,30-27,50)

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Sok-
neprest Steinnes, Nattverd.

FLATEKVAL KYRKJE kl. 17.00.
Prost Fjose, Nattverd. Offer til leir-
staden Fagertun.

1. Påskedag, 19. apr. (Matt. 28,1-18)

DALE KYRKJE kl. 11.00. Sokneprest
Steinnes, Høgtidsgudsteneste. Offer
til Det Norske Misjonsselskap.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Sokne-
prest Totland, Høgtidsgudsteneste.
Offer til Santalmisjonen, Vaksdal kyr-
kjekor.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.30. Res.
kap. Gunnar Nesse, Nattverd.

2. Påskedag, 20. apr. (Ap.g. 10,34-43)

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Prost
Østtveit, Høgtidsgudsteneste. Natt-
verd. Offer til Nordhordland Indre-
misjon.

EIDSLANDET KYRKJE kl. 11.00.
Sokneprest Steinnes, Natverd. Offer
til Nordhordland Indremisjon.

1. søndag etter påske, 27. apr.

(Joh. 20,19-31)

NESHEIM KYRKJE kl. 11.30. Res.
kap. Farestveit, Nattverd. Offer til
Santalmisjonen.

1. mai (Luk. 6,31-35)

DALE KYRKJE kl. 10.30. Sokneprest
Steinnes. Offer til Kr. Arbeideres
forb. Song av Dale Mannskor.

VAKSDAL KYRKJE kl. 9.30. Prost
Fjose, Offer til Kr. Arbeideres forb.

2. søndag etter påske, 3. mai

(Joh. 10,11-16)

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirma-
sjon ved sokneprest Steinnes. Offer
til Soknerådet.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Kon-
firmasjon ved prost Fjose, Offer til
Soknerådet.

3. søndag etter påske, 10. mai

(Hebr. 13,12-16)

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Kon-
firmasjon ved sokneprest Steinnes.
Offer til Det Norske Misjonsselskap.
EIDSLANDET KYRKJE kl. 11.00.
Konfirmasjon ved prost Fjose. Offer
til Fagertun leirstad.

17. mai

DALE KYRKJE kl. 10.00. Familie-
gudsteneste ved sokneprest Steinnes.
Offer til Kyrkjesalen, Song.

VAKSDAL KYRKJE kl. 9.30. Fami-
liegudsteneste ved res.kap. Straume.
Song av Kyrkjekoret. Offer til Fager-
tun leirstad.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Fami-
liegudsteneste ved sokneprest Stein-
nes. Offer til Fagertun leirstad.

EIDSLANDET KYRKJE kl. 12.00.
Familiegudsteneste ved res. kap.
Straume. Offer til soknerådet.

5. søndag etter påske, 24. mai

(Joh. 16,5-11)

DALE KYRKJE kl. 11.00. Prost Fjo-
se, Nattverd.

FLATEKVAL KYRKJE kl. 11.00.
Sokneprest Steinnes. Offer til Vestl.
Indremisjon.

Kristi himmelfartsdag, 28. mai

(Luk. 24,46-53)

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Sok-
neprest Steinnes, Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00.
Res. kap. Farestveit, Nattverd.

6. søndag etter påske, 31. mai

(Joel 3,1-2)

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00.
Konfirmasjon ved prost Fjose, Offer
til Fagertun leirstad.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.30. Kon-
firmasjon ved sokneprest Steinnes.
Offer til soknerådet.

Det kan verta endringar i preikelista
— sjå Vaksdalnytt.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, tlf. 396321	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag . .	08.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, tlf. 397215		
Tysdag, onsdag og fredag	08.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, tlf. 398015		
Måndag	09.30	14.30

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

Dale Handelsforening
Dalekvam

**TOMAS UTSKOTT'S
SKOFORRETNING**
Dalekvam

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{2}$

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER**

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{2}$

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arthur og Arne Vaksdal

KVIKKBAR

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10

Kjøp i Dykkar eigen forretning